



Det nye akvariet vil imponere mange som kjem til skulen fredag. Dei som beundrar det her er (frå venstre) Kjartan Elias Tungesvik (3. klasse), Lars Andres Sæbø (4. klasse) og Rebekka Helleland Hauge (3. klasse). (Foto: Ola Matti Mathisen).

**- Fredag frå klokka 11 til klokka 13.50 er skulen open for alle som vil komma og sjå kva vi held på med, seier rektor Vidar Haugland til uskedalen.no. Så vidt han veit er det første gongen skulen i vår bygd opnar dørene på dette viset, men for fire-fem år sidan stod Haugland i spissen for eit liknande tiltak på Malmanger skule. Det vart ein suksess med godt besøk og mange positive kommentarar.**

89 elevar og 20 lærarar og assistentar ynskjer foreldre, slektningar og bygdefolk ellers velkomne fredag.

-Klasseromsdørene vil vera opne og lærarar og elevar viser korleis dei arbeider ein vanleg skuledag, heiter det i velkomsthelsinga på heimesida.

Uskedalen.no har spurd rektor om det er gjort store førebuingar.

- Slett ikkje, dei einaste førebuingane blir gjort i kantina, der gjestene våre kan få noko å bite i, er svaret.

Haugland sit og skriv ein invitasjon som skal sendast rundt i bygda og han forklarar kvifor han har teke initiativet til å opna skulen:

- Vi vil presentera oss, kva vi driv med og korleis ein skule er i dag. Vi vil markera at vi er ein del av samfunnet og ynskjer å ha open kommunikasjon med bygda.

- Men det har ikkje vore store førebuingar?

- Nei, eit hovudpoeng med å opne dørene er at jo at vi slett ikkje skal syne oss fram på ein annleis måte enn på ein vanleg, normal skuledag. Vi berre fylgjer timeplana og held på med vårt og så kan dei besøkjande fylgje med i det som går føre seg.

Klokka 11, då opninga skjer, har vi til dømes midt-time. Då er nokre inne og nokre ute medan nokon er i hallen og spelar ball.

- Var det spesielle opplevingar då dørane vart opna på Malmanger?

- Eg trur at særleg den eldre generasjon fekk ei aha-oppleving og sette pris på tiltaket. Dei både kjende att seg og fekk sjå ein skule som på mange måtar er annleis enn den dei gjekk på i si tid.

Av Ola Matti Mathisen